

Vestlandsrådet

Sakshandsamar:

Ole Inge Gjerald

E-post: Ole.Inge.Gjerald@sfj.no

Tlf.: 40857025

Vår ref.

Sak nr.: 17/8625-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Stortinget sin familie- og kulturkomité

Stortinget sin næringskomité

Stortinget sin finanskomité

Dato

LEIKANGER, 03.11.2017

Tour des Fjords – auka løyving over statsbudsjettet for 2018

Vestlandsrådet ber om at Tour des Fjords, som det største sykkelarrangementet i Skandinavia, får auka løyving over statsbudsjettet for å ivareta den sportslege og reiselivsmessige viktige satsinga for Vestlandet og Noreg. Det er eit stort poeng å setje heile Fjord-Noreg i stand til å kunne dra nytte av marknadsføringa, profileringa og hauste dei langsiktige ringverknader frå eit så flott internasjonalt arrangement. Den statlege løyvinga til Tour des Fjords må aukast, slik at bidraga frå kommunar og fylkeskommunar ikkje vert den avgjerande berebjelken åleine.

Vestlandsrådet drøfta ei eiga sak om framtida for sykkelrittet Tour des Fjords i sitt møte i Stavanger den 25.10.17. Fylkesordførarane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland ønskjer å signalisere viktigheita av eit nasjonalt engasjement rundt dette sportsarrangementet.

Tour des Fjords er bygd på den norske idrettsmodellen, der alle inntekter vert ført tilbake og nytta i vidare utvikling av arrangementet og til sykkelsporten her heime. Rittet er det einaste av dei store norske løpa som er 100% eigmund av idretten sjølv, og som såleis set sportsleg utvikling åleine i sentrum.

Tour des Fjords vil frå neste år vere det største sykkelarrangementet i Skandinavia, og med dette også trekke dei største sportsprofilane som gjennomgåande skapar internasjonal merksemd. Med den ramma som fjordane og kysten gir arrangementet, er det frå fleire hald uttalt at rittet truleg har det største marknadspotensialet av alle norske idrettsarrangement.

Vi meiner Tour des Fjords profilerer og marknadsfører Fjord-Noreg, som i dag er landet si sterkeste merkevare, ut til eit stort nasjonalt og internasjonalt publikum – mellom anna gjennom fantastiske tv-bilete. Vi ser samstundes at marknadsføringa og framstillinga av idretten i kombinasjon med natur og omgjevnader medfører store kostnader, sidan logistikk og planlegging av eit slikt arrangement på Vestlandet er svært ressurskrevjande.

Det er stor interesse i alle våre fire fylke for å få Tour des Fjords til å besøke eigne kommunar og regionar. Når kommunane og fylkeskommunane må bere hovuddelen av kostnadane knytt til arrangementet, må diverse mange aktuelle reiselivsdestinasjonar melde pass. Rekninga vert for høg. Tour des Fjords har difor mått prioritert store omleggingar av løypa for å kome innom dei områda som faktisk har bidrige på finansieringssida. Vi meiner dette i dag gjer at arrangementet ikkje tek ut sitt potensiale.

Tour des Fjords skapar store ringverknader for regionen og landet, og bidreg til både nærings- og kulturutvikling. Vi kan få langt meir ut av dette dersom arrangementet får ei føreseieleg og stabil økonomisk ramme som i tillegg er samanliknbar med andre arrangement nasjonalt og internasjonalt.

Økonomien har fram til i dag vore ein særskilt kritisk faktor, og mykje planlagd aktivitet må kvart år kuttast fordi ein ser at ramma ikkje strekkjer til. Dersom den norske staten sitt bidrag til Tour des Fjords held fram i åra som kjem på dagens nivå, vil arrangementet motta om lag 6% av sitt samla budsjett gjennom statsstøtte. Tilsvarande mottar arrangementet Arctic Race of Norway om lag 40% av sitt budsjett via statsbudsjettet, Ladies Tour of Norway får om lag 57% over statsbudsjettet, medan Tour of Norway får ca. 10% av sitt budsjett frå løyvinga i statsbudsjettet.

Arctic Race of Norway er per i dag det einaste av desse arrangementa som er i nærleiken av å ha tilsvarende mediadekking som Tour des Fjords. Arctic Race of Norway har likevel ikkje den same oppslutninga frå dei store sykkellaga, og har såleis eit mindre internasjonalt potensiale i samband med marknadsføring og profilering.

I sitt arbeid med budsjettet for 2018 har Tour des Fjords alt no signalisert eit behov for finansiell støtte frå kommunar og fylkeskommunane på til saman 9 mill.kr. Korkje dei fire fylkeskommunane eller Vestlandsrådet har teke stilling til budsjettløyvingar til Tour des Fjords for 2018.

Vi meiner det er av nasjonal interesse å auke den statlege løyvinga til Tour des Fjords, slik at bidraga frå kommunar og fylkeskommunar ikkje vert den avgjerande berebjelken åleine. Det er eit stort poeng å setje heile Fjord-Noreg i stand til å kunne dra nytte av marknadsføringa, profileringa og hauste tilhøyrande langsiktige ringverknader frå eit så flott internasjonalt arrangement.

Med venleg helsing

| | | | |
|--|---|---|---|
| Jon Aasen fylkesordførar Møre og Romsdal | Jenny Følling fylkesordførar Sogn og Fjordane | Anne Gine Hestetun fylkesordførar Hordaland | Solveig Ege Tengesdal fylkesordførar Rogaland |
|--|---|---|---|

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Mottakarar:

1. Stortinget sin familie- og kulturkomité
2. Stortinget sin næringskomité
3. Stortinget sin finanskomité

Kopi til:

1. Stortingsrepresentantane frå Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.